

Løvetann

Taraxacum officinale



Kjenneteikn

Vaksen plante har grov greina pålerot som kan verte 50 cm og lengre. Plantane inneheld kvit beisk mjølkesaft. Løvetann blomstrar om våren og tidleg på sommaren, men kan også blomstra seinare på året.

Løvetann spreier seg hovudsakleg med frø, men også med rotbitar etter jordarbeiding.

Løvetannplantane blomstrar og set frø på få dagar. Frømengda er i middel 200 stk/korg og ca. 3000 per plante. Frøet spreier seg lett med vinden og kan spire så snart dei kjem i kontakt med engbotnen eller i open åker. Frøa spirer godt på jordoverflata og ned til 2-3 cm djup. Løvetann blomstrar 2. leveår og det er difor størst problem i eldre eng.

Krav til veksevilkår

Løvetann føretrekkjer næringsrik, leirhaldig jord.

Fôrverdi

Løvetann er rekna for godt fôr, men det vert lita avling av planta då den inneheld mykje vatn.

Historie

Løvetann kom til Norge for om lag 10 000 år sidan.

Utbreiing

Løvetann er utbreidd over heile Norge frå hav til fjell.

Folketradisjon

Løvetann er ein næringsrik plante og unge blad av løvetann kan brukast i salat saman med gras- og sjalottløk. Bitter smak.

Kan laga vin og gelé av blomstrane. Blad og røter kan brukast til plante-farging og gir lys gyldenbrun farge.

Rista løvetannrøter vart brukt som kaffierstatning under 2. verdskrig.

Folkemedisin

Lang tradisjon i folkemedisinen. Allsidig medisinplante.

Tiltak mot løvetann

Sist oppdatert desember 2012

Hindre oppformering av frø

Slått av areal med mykje løvetann må skje tidleg i dersom dette skal ha effekt. Avslåtte korger kan ettermodnast og frøa kan ha 50% spireevne.

Slått

Tidleg og fleire gongers slått av grøfte -og vegkantar kan hindre utvikling av frø og etterfølgande spreiring.

Fjerne plante

Oppstikking av rota er berre aktuelt på små areal i hagen til dømes. Heile løvetannrota må fjernast dersom ein skal unngå ny løvetannplante.

Pløying

God pløying og kortvarig eng vil gje mindre problem med løvetann.



Ei god pløgse reduserer problemet med løvetann.

Dekking

I plantingar som til dømes bærbuskar kan ein dekke med bork eller plast/vevd plastduk.

Kjelder:
Korsmos ugrasplansjer
Bioforsk
Wikipedia

Utarbeidd med støtte frå økohandlingsplanmidlar frå FMLA Hordaland



Løvetann er vanleg i eldre eng, den inneheld ein del mineral og vitamin, men gir lite avling.



Løvetannfrøa er utstyrt med ein lang stilk som endar i ein fnokk. Frøhovudet ser ut som ein lodden ball. Frøa spreiest lett med vinden.
(Foto: Wikipedia)

Kompetanse for framtida

Fanav. 245, 5244 Fana
Tlf: 98 24 58 30
Faks: 55 91 88 89
Bankgiro: 3411 23 62632
Org.nr.: NO 882 348 792 MVA
hordaland@lr.no
<http://hordaland.lr.no>



Norsk Landbruksrådgiving Hordaland